

# Mageverk

Tekst: Jan Ove Ulstein 2007

Melodi: Henning Sommerro 2007

C C C<sup>♯</sup> Dm G7



Eg åt av fat og skå-ler eg åt av sto-re spann, men svol-ten voks seg stør-re, langt

4 1, 2, 3, 4 5 C C F C/E



o - ver all for stand. Eg åt min ma - ge-sekk. No har eg e - te al - le, eg

7 G7sus4/D G C F F<sup>♯</sup> C/G E7 A7 Dm G7 C



skul - le sei god natt, men eg har e - te min for-stand, har in - ga tun-ge att.

1. Eg åt av fat og skåler  
Eg åt av store spann  
Men svolten voks seg større  
Langt over all forstand

2. Eg åt og et vart svolten  
Og aldri får eg nok  
Eg smakte på ein genser  
Så åt eg opp ein rokk

3. Eg åt ein liten hage  
Eg åt ein liten gard  
Eg la dei i ei gryte  
Så åt eg mor og far

4. Eg åt eit lite eple  
Det var vår eiga Jord  
Og saman med ein Mjelkeveg  
eg åt eit stjernebord

5. Og alt eg ville ete  
Det var snart borte vekk  
Det hamna der i magen  
Eg åt min magesekk

6. No har eg ete alle  
Eg skulle sei god natt  
Men eg har ete min forstand  
Har inga tunge att